



ALLTID BEREDT

REFERAT FRÅ EKSTRAORDINÆRT KRETSTING I RYVARDEN KRETS

Søndag 12. juni 2022 kl. 11:00 digitalt på Zoom-videochat

Opning

Visekretsleiar ønska velkomen.

1 Konstituering

- 1.1. Marius Johannessen vart oppnemnd som ordstyrar.
- 1.2. Espen Fosse og Harald Aspelund vart oppnemnd som referentar.
- 1.3. Godkjenning av representantane: 46 representantar med stemmerett, 1 observatør.
- 1.4. Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.
- 1.5. Hans Haugland og Karianne Jørgensen vart oppnemnd til å underskrive referatet.
- 1.6. Jan Helge Gulliksen og Øystein Østensen vart oppnemnd som teljekorps.

2 Endring i retningslinjer for Ryvarden krets

Karl Andreas Karlsen presenterte Kretsstyret sitt forslag om å tildele prokura og signaturrett.

Kretstinget drøfta om det var naudsynt å tildele prokura og/eller signaturrett. Fordelen er at gjennomføring av formalitetar vert enklare når ikkje heile styret samla treng å signere. Fleire peika på at signaturrett er fornuftig, men stiller spørsmål om det er naudsynt med prokura. Det kom ønskje frå Kretstinget om å dele opp avstemminga slik at ein stemmer over dei to endringane, prokura og signaturrett, kvar for seg.

Avstemming:

- Forslag om å tildele prokura: 13 stemmer for, 33 imot, ingen blanke.
- Forslag om å tildele signaturrett: enstemmig, 46 stemmer for.

Vedtak:

Kretsstyret sitt forslag vert vedtatt med unntak av punkt 4 om prokura som vert stroke. Dette inneber at Ryvarden krets tildeler signaturrett som følgjer:

- *Nestleiar og eit styremedlem har signaturrett i fellesskap.*
- *Styret sin leiar og eit styremedlem har signaturrett i fellesskap.*
- *Dagleg leiar og styret sin leiar har signaturrett i fellesskap.*

3 Gåve frå Haugesund Metodistkyrkje

Karl Andreas Karlsen presenterte Kretsstyret sitt forslag om å kjøpe eigendomen Nesevegen 121 i Sveio kommune. Kretsstyret presiserte at at dette forslaget ikkje får konsekvensar for leirstaden på Lier.

Det var ulike meiningar om saka blant Kretstinget sine representantar. Mange ser at denne hytta, som i motsetnad til hytta på Lier er godkjend for innandørs overnatting, vil utfylle kretsen sitt tilbod til gruppene. Tilstanden på hytta og egedomen er slik at den sannsynlegvis kan tas i bruk utan noko særleg arbeid. Nokre representantar var skeptiske og meinte at kretsen allereie hadde meir enn nok med leirstaden på Lier og at det allereie er vanskeleg nok å få folk til å ta på seg frivillige verv. Fleire var også oppteken av heilskapen; at ein ikkje kan sjå eit kjøp av ein ny eigedom som ei isolert sak, men at dette må vurderast opp mot alle dei andre delane av drifta i kretsen.



ALLTID BEREDT

Ryvarden krets av NSF

Ekstraordinært kretsting, juni 2022

Eit stykke ut i saka tok Meling speidergruppe til ordet for ei prøveavstemming. Denne vart gjennomført og viste 40 stemmer for Kretsstyret sitt forslag og 6 stemmer imot.

Likevel var det ein del fleire enn desse 6 som tok til ordet for at saksgrunnlaget var svakt og at dokumentasjon på til dømes tilstand, forventta levetid og forventta utgifter over tid ikkje var gjort godt nok greie for. Meling speidergruppe fremma forslag om å oppnemne ein komité som får i oppdrag å sjå nærare på dette, i tillegg til å undersøke høvet for å gjere endringar på Lier som vil legge til rette for innandørs overnatting med same kapasitet som Nesevegen 121.

Det var fleire som protesterte mot forslaget frå Meling speidergruppe og meinte at det burde avisast fordi det ikkje var sendt inn på førehand og distribuert saman med sakspapira. Protesten vart avvist med referanse til kretsen sine retningslinjene som er klåre på at alle representantar kan legge fram forslag i ei sak som står på sakslista.

Avstemming:

Då forslaget frå Meling speidergruppe ikkje gjekk imot kretsstyret sitt forslag, men i staden var ein meir utfyllande variant av det same, vart forslaga stemd over i same avstemming.

- Forslaget frå Kretsstyret: 12 stemmer for
- Forslaget frå Meling speidergruppe: 33 stemmer for
- Blanke: 1 stemme

Vedtak:

- 1) *Ryvarden Krets av NSF kjøper speidarhytta på Nese i Sveio av Haugesund Metodistkyrkje for kr 300 000.- pluss kostnader.*
 - 2) *Det blir satt ned ei gruppe på 4 personar. Gruppen skal:*
 - a. *Arbeida fram ei oversikt over kva det vil kosta for kretsen å setja hytta og uteområdet i ein slik stand at den blir attraktiv for gruppene å bruka, herunder å få i stand brukande toalettihøve.*
 - b. *Det skal hentast inn ein tilstandsrapport på eigedommen.*
 - c. *Så langt det let seg gjera skal det lagast ei oversikt over kva utgifter ein kan venta seg dei neste 10 åra.*
 - d. *Finna ut kva ein kan få for eigedommen ved eit eventuelt sal og om det er mogeleg å dela opp eigedommen i fleire tomter.*
 - e. *Sjekka opp i kva som skal til for at ein kan laga til innadørs overnatting på Lier, i ein liknande størrelsesorden som i hytta på Nese.*
 - 3) *Resultatet av gruppa sitt arbeid skal leggast fram på ordinert årsmøte 2023, der ein avgjer kva ein skal gjera vidare med hytta.*
 - 4) *Gruppen får inntil 30 000,- for å arbeida fram forslaget.*
-

Møtet vart avslutta med at visekretsleiar takka for frammøtet.

Marius Johannessen
Ordstyrar

Hans Haugland
Valt representant til å signere referatet

Karianne Jørgensen
Valt representant til å signere referatet